

## Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

**2021:2**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 9. april kl. 14.15–15.00

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Arne Erik Fønhus, Odd Arne Klemmetsrud og Kristin Gulbrandsen. Til stades frå administrasjonen: Tove Stubbene, Anne Marit Noraker og Ole Aastad Bråten.

### Sak 5/2021: Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

*Vedtak: Styret godkjenner innkalling, sakliste og protokoll*

### Sak 6/2021: Orienteringssaker

#### Presentasjon av formidlingsarbeidet 2021

Styret bad i førre møte om å få framlagt ein plan for formidlingsarbeidet ved alle avdelingane for 2021. I møte får styret ein presentasjon av planane slik desse står no. Planane speglar pandemi-utfordringane, men òg ambisjonane om auka besøk med dei nye basisutstillingane ved Valdres Folkemuseum.

#### Orientering om opningsarrangement 23. april 2021

Styret er kjent med at H.M. Dronninga har takka ja til å delta under opninga av dei nye basisutstillingane fredag 23. april. Smitterestriksjonar begrensar antalet deltakarar i festsalen til 20 personar denne dagen. Det gjer det utfordrande med tanke på invitasjon og praktisk gjennomføring.

Administrasjonen har sett saman eit program som gjer det mogleg å kunne invitere heile styret og alle eigarane denne dagen – om enn ikkje alle i den inste sirkelen rundt dronninga.

#### Tillegg: Orientering om Museumsmeldinga

Administrasjonen orienterte om den nye museumsmeldinga. Denne legg vekt på mangfald, forskning og heilheitleg samlingsutvikling (byggningsvern og immateriell kulturarv). Det vart ein god og meningsfull diskusjon i styret om meldinga. Til orientering vil Museumsforum Innlandet spele inn både kommentarar og eventuelt melde seg på høyring i komiteen når den tid kjem.